

●● Hvem som styrer i kommunen har faktisk stor betydning, for både de som arbeider i de kommunale tjenestene og de som mottar tjenester

Siv Katrin Ulla, leder for Ålesund Arbeiderparti, kommune- og fylkestingskandidat for Arbeiderpartiet.

BEREKRAFTSMÅL

Berekraft er konkurransekraft

Berekraft er noko alle må forhalde seg til. Sjølv om enkelte hevdar det berre er byråkratisk fjas som «klimaopportunistar» nyttar for å hindre utvikling. Men det er korkje fjas eller til hinder, det er heilt naudsynt.

Dei 17 berekraftsmåla er utforma av FN i Agenda2030. Det er 17 konkrete og ambisiøse mål for korleis verda skal vere i 2030. Ein ynskjer eksempelvis å utrydde fattigdom og stoppe klimaendringar. Men ein ynskjer også å oppnå likestilling mellom kjønna, at alle skal ha anstendig arbeid og bidra til innovasjon. Berekraft handlar ikkje om «klimahysteri», det handlar om kva slags verd vi ynskjer at borna våre skal vakse opp i.

Dei 17 måla består av 169 delmål. Desse delmåla er stega på vegen for å nå hovudmålet. Å nå desse delmåla må vere både intensjon til, og resultat av, alle val vi gjer både politisk og i næringslivet.

AP har forplikta seg til å vurdere berekraftsmåla i alle saker. Vedtak skal ikkje gjerast på grunnlag av synsing og muggen retorikk, men på grunnlag av forskning og fakta. Dette er vi heilt klare på.

For å oppnå mål 9 innan innovasjon, må ein til dømes «auke tilgangen til finansielle tenester, inkludert rimeleg kreditt, for små industribedrifter...». Ålesund AP går til val på å opprette eit fond med risikokapital for oppstartsbedrifter i Ålesund. Med denne type tiltak, som er forankra i berekraftsmåla, vil vi nå dei.

Det peiker også ut ei tydeleg retning for næringslivet. Det er lite tvil om at det betyr nedgang og kanskje slutten for enkelte næringer. Men for dei fleste betyr det endring, og konsekvensen av endring er alltid moglegheit. Den som vinn konkurransen, er den som er best på å gripe moglegheitene som er der. Vi er signa med eit omstillingsdyktig næringsliv her på Møre, og eg har tru på at næringslivet får til. Men det må skje i samspel med både akademia, kommunen, gründerar og



GJERMUND KVERNMO LANGSET: Kandidat Ålesund AP og leiar i Astud Ålesund. FOTO: PRIVAT

investorar, for ingen av oss får det til åleine. Med AP i spissen skal Ålesund kommune vere ein tydeleg deltakar i dette.

GJERMUND KVERNMO LANGSET
kandidat Ålesund AP og leiar i Astud
Ålesund

HELSE OG OMSORG

Helsesektoren er ikke en maskin

I siste utgave av Nytt i Uka ble alle ordfører kandidater for nye Ålesund presentert, og vi svarte alle på 4 enkle spørsmål. Deriblant hvordan man skal sikre like helse og omsorgstjenester for eldre, uavhengig av bosted.

Jeg har lest presentasjonene nøye. Og helt ærlig, blir jeg ikke mye klokere av mine «konkurrenters»-svar. Noen ganger lurar jeg på om politikere tror at helsesektoren er en maskin, hvor det er en teknisk feil som skal repareres. I valgkamptider, er helsesektoren fremstilt som et problem, som

kun politikere kan løse. Det finnes ingen grenser, for hvor dårlige helsetjenester som tilbys. De som jobber i helsesektoren, har visst verken faglige eller menneskelige kvaliteter som samlet gir gode helsetjenester.

La meg gjøre det klinkende klart. I helsesektoren er det mennesker, som jobber med og for mennesker. Mennesker er ikke maskiner. Det finnes ikke to streker under et svar. Utfordringene er individuelle. Man kan ikke anvende effektiviseringsverktøy som har hovedfokus på tid og penger.

Det virker som om vi glemmer brukerne av tjenestene. Og vi glemmer de som jobber med og for brukerne hver eneste dag.

Politiske løsninger kommer alltid i form av fine ord på et papir. Men formålet blir glemt. Alle problemer løses, som det var en bedrift som skal effektiviseres. Også helsesektoren må ha økonomisk styring, men helse og omsorg handler om mer, enn at bruker må ha medisins klokken 10 hver dag, og 30 minutter husvask i uken. Bruker, trenger også noen som tar seg ekstra fem minutter til

å spørre hvordan man har det. Så for meg er det hull i hodet, når ansatte må jobbe med stoppeklokke.

Man snakker om at man ikke har nok hender i helsesektoren. Nå er det slik at stillinger som hjelpepleiere og helsefagarbeidere kunne gjort, systematisk blir omgjort til sykepleierstillinger. Så manglende hender, er en sannhet med modifikasjoner.

Det er en selvfølge at man må ha en ansvarlig sykepleier på jobb som kvalitetssikrer medisinsk behandling. At man skal være kvalifisert som sykepleier for å hjelpe eldre med å komme seg på toalettet, er utenfor min fatteevne.

Høyt sykefravær er en utfordring. Men man trenger ikke være rakettforsker for å forstå at ikke alt sykefravær handler om slitasjeskader og ryggsmarter. En faktor er rovdrift på arbeidskraft, arbeidere som jobber til de møter veggen. En annen ting er mistriivsel på jobb. «Heldigvis» for gjeldende kommunes «rykte», har media ikke fanget opp en helsearbeider som nylig valgte å politianmelde sine ledere for grove brudd på arbeidsmiljøloven. Ofte finner arbeidstakere seg i for mye, til belastningen blir så stor, at sykemelding blir en flukt.

Fra et objektivt politisk perspektiv, hvor alle ting handler om penger, vil jeg påstå at dårlig ledelse er særdeles kostbart. Liberalistene er generelt kritiske til sløsing. Å ikke holde søkelys på brukernes egne behov. Ikke lytte til dem som faktisk jobber i helsesektoren. Og ikke verne om de menneskelige ressursene hver enkelt helsearbeider tilfører hver eneste dag, er sløsing av ressurser.

Liberalistene stiller til valg

som vaktbikkjer i kommunene. Vi kommer til å jobbe hardt for reelle offentlige kutt, for at du skal kunne beholde mer av dine egne penger. Men kutt som reduserer kvalitet på de lovpålagte tjenestene kommunen er ansvarlig for. Det kommer ikke på tale.

JESSICA JAKOBSEN
ordfører kandidat for Liberalistene

KOLLEKTIVTRANSPORT

Betre buss-samband mellom Stryn og Volda

Sidan Kvivsvegen opna i 2012 har trafikken mellom Stryn og Volda auka. Dette er ei føreseieleg utvikling. Bussambandet mellom Stryn og Volda er dårleg, noko som førar til at så godt som all persontrafikken mellom Volda og Stryn vert gjort med privatbilar.

Ei styrking av kollektivtransporten er ein viktig del av den nødvendige grøne omstillinga som må til for å gjere samfunnet og forbruksmønsteret vårt meir miljøvenleg. Kollektivtransporten har òg den fordelan at den kan nyttast av folk som ikkje har førarkort eller av andre grunnar ikkje kan køyre med ein eigen bil.

Dersom ein samanliknar ein buss og ein personbil som nyttar same fossile energikjelde, så slepper ein buss ut like mykje klimagassutslepp som 3,6 personbilar. Det skal med andre ord særst få passasjerar til for at det er meir miljøvenleg å køyre buss enn bil. I nær framtid er det dessutan truleg elbussar som køyrer på lokalrutene.

Stryn kommune og Volda kommune må leggje press på fylkestinget og Stortinget om å få betra bussambandet mellom Stryn og Volda. Det er nødvendig at det snarast mogleg kjem på plass eit busstilbod mellom Stryn og Volda med hyppige nok avgangar og låge billettprisar.

ANDERS HAMRE SVEEN
1. kandidat for Raudt Stryn

GUDRUN KLØVE JUUHL
1. kandidat for Raudt Volda



ORDFØRERKANDIDAT: Jessica Jakobsen, ordfører kandidat for Liberalistene.



MILJØ: Miljø: Rødt vil ha betra busstilbod mellom Volda og Stryn for å senkje utsleppa. Illustrasjonsfoto. FOTO: ARKIVFOTO/MARIUS MYKLEBUST